

St.prp. nr. 22

(2006–2007)

Om endringar av løyvingar på statsbudsjettet for 2006 m.m. under Olje- og energidepartementet

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet av 24. november 2006,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen kjem Olje- og energidepartementet med framlegg til endringar på statsbudsjettet for 2006 i samsvar med kapittel 2. Departementet gjer òg greie for bruk av fullmakter under petroleumsverksemda og Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (SDØE) i kapittel 3.

2 Endringar på statsbudsjettet for 2006

Kap. 1800 Olje- og energidepartementet (jf. kap. 4800)

*Post 22 Beredskapslagre for drivstoff, kan
overførast*

Det blir foreslått å auke løyvinga med 3,5 mill. kroner i høve til gjeldande løyving for 2006. Endringa har samanheng med at beredskapslagra blir foreslått avhenda i 2007 i staden for 2006 som tidlegare budsjettert, jf. kap. 4800, post 02. Tidspunkt for salet vert endra av omsyn til å oppnå høgast mogleg pris på dei lagra petroleumsprodukta.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 21,5 mill. kroner.

Kap. 1810 Oljedirektoratet (jf. kap. 4810)

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Det blir foreslått å auke løyvinga knytt til Oljedirektoratet sin oppdrags- og samarbeidsverksemد med 20,5 mill. kroner i høve til gjeldande løyving for 2006. Endringa har samanheng med høgare aktivitetsnivå enn tidlegare budsjettert. Utgiftsauken blir motsvara av ein tilsvarande inntektsauke under kap. 4810, post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksemد.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 87,567 mill. kroner.

Kap. 1820 Noregs vassdrags- og energidirektorat (jf. kap. 4820 og 4829)

Post 01 Driftsutgifter

Det blir foreslått å auke løyvinga knytt til NVE sin dam-, miljø- og tryggleikstilsyn med 0,3 mill. kroner. Utgiftsauken blir motsvara av ein tilsvarande inntektsauke under kap. 4820, post 01 Gebyr- og avgiftsinntekter. Endringa har samanheng med at driftsutgifter til verksemda har auka meir enn tidlegare budsjettert.

Nytt forslag til løyving 01 blir etter dette 268,733 mill. kroner.

Kap. 1825 Omlegging av energibruk og energiproduksjon

Post 70 Tilsot til elektrisitetssparing i hushaldningar, kan overførast

I St.prp. nr. 82 (2005-2006) Tiltak for å begrense elektrisitetsbruken i hushaldningar, blei det foreslått å løyve 46 mill. kroner til innføring av ein tilskotsordning til elektrisitetssparing i hushaldningar.

På bakgrunn av ny informasjon om talet på søkerar, blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 1825, post 70 med 25 mill. kroner, frå 46 til 71 mill. kroner.

Kap. 2490 NVE Anlegg

Post 24 Driftsresultat

NVE Anlegg har i 2006 hatt eit høgare aktivitetsnivå enn forventa grunna dei store skadeflaumane på Vestlandet hausten 2005 og i Midt-Noreg vinteren 2006. Dei auka løyvingane til sikringstiltak i vassdrag over kap. 1820, post 22 i revidert budsjett 2006 har gjort det mogeleg å ha ein raskare framdrift på utføringa av ekstraordinære reparasjoner, sikringsarbeid og forbyggingar. På den bakgrunn blir overslaget for kap. 2490, post 24.1 Driftsinntekter auka med 13,5 mill. kroner, frå 43 til 56,5 mill. kroner. Vidare blir overslaget for kap. 2490, post 24.2 Driftsutgifter auka med 13,5 mill. kroner, frå 36,5 til 50 mill. kroner.

Tabell 2.1 Endringar under kap. 2490 NVE Anlegg (i 1 000 kr)

Kap./post/ underpost	Nemning	Gjeldande overslag	Nytt overslag	Endring
2490	24.1 Driftsinntekter.....	-43 000	-56 500	-13 500
	24.2 Driftsutgifter.....	36 500	50 000	13 500
	24.3 Avskrivingar	5 400	5 400	
	24.4 Renter av staten sin kapital	1 100	1 100	
	24.5 Reguleringsfond.....			
24	Driftsresultat	0	0	0

Ovannemnde endringar i underpostar medførar inga endring i det stipulerte driftsresultatet for NVE Anlegg under kap. 2490, post 24 i høve til gjeldande løyving for 2006.

Kap. 2440/5440 Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda

Forslag til nye løyvingar er basert på ein oppdatert prognose for 2006 frå Petoro AS. Prognosene frå Petoro er basert på rekneskapsføring per 31. august 2006 og overslag for resten av året. Det er mellom anna stor uvisse knytt til utviklinga i oljeprisen.

Det er lagt til grunn ein gjennomsnittleg oljepris på kr 411 per fat for 2006. I revidert budsjett 2006 blei det lagt til grunn ein gjennomsnittleg oljepris på kr 420 per fat.

Overslaget for kap. 2440, post 30 Investeringar er auka med 100 mill. kroner, frå 22 300 til 22 400 mill. kroner. Ei auke i kostnadane på Snøhvit på 1 mrd. kroner har delvis blitt motverka av

kostnadsreduksjonar på fleire felt. Reduksjonane skuldast hovudsakleg følgjande høve:

- Lågare boreaktivitet for Troll Olje som følgje av at ein borerigg har blitt brukt til boring av Koggeprospektet.
- Redusert boreaktivitet på Åsgard på grunn av omprioritering av riggar.
- Utsetjing av prosjektet for auking av prosesseringskapasitet for gass på Heidrun som følgje av at reservergrunnlaget for prosjektet ikkje er tilstrekkeleg modna.
- Forsinka boreframdrift på Snorre A som følgje av reparasjonar på borerigg.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.1 Driftsinntekter er auka med 4 000 mill. kroner, frå 177 800 til 181 800 mill. kroner. Endringa skuldast hovudsakleg at forventa gasspris for 2006 er høgare enn det som vart lagt til grunn i revidert budsjett 2006. Dette blir motverka av ein nedjustering i oljeprisen for 2006 frå kr 420 i revidert budsjett til kr 411 per fat i oppdatert budsjett for 2006.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.2 Driftsutgifter er auka med 3 800 mill. kroner, frå 26 300 til 30 100 mill. kroner. Dette skuldast i

hovudsak høgare kostnadar knytt til kjøp av gass for vidaresal.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.3 Leite- og feltutviklingsutgifter er redusert med 200 mill. kroner, frå 1 800 til 1 600 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak redusert aktivitet som følgje av mangel på tilgjengelege riggar.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.5 og post 80 Renter av staten sin kapital er auka med om lag med 300 mill. kroner, frå 6 700 til 7 000 mill. kroner. Endringa skuldast hovudsak-

leg oppdatering av overslag for staten sin faste kapital. Overslaget for kalkulatorisk rente for 2006 er basert på ein rentesats på 3,2 pst.

Endringane nemnd ovanfor fører til at kap. 5440, post 24 Driftsresultat aukar netto med 100 mill. kroner, frå 128 100 til 128 200 mill. kroner.

Kap. 5440, post 50 Overføring frå Staten sitt petroleumsforsikringsfond er budsjettet til 1 500 mill. kroner i faktiske utbetalingar i 2006 knytt til skader og inntektsbortfall på grunn av driftsstans.

Tabell 2.2 Endringar på statsbudsjettet 2006 under kap. 2440/5440 Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (i mill. kroner)

Kap./post/ underpost	Nemning	Gjeldande løying ¹	Forslag til ny løying	Endring
2440	25 Pro et contra-oppgjer	16	16	0
	30 Investeringar.....	22 300	22 400	100
	50 Overføringar til Staten sitt petroleumsforsikringsfond.....	1 199	1 199	0
Sum kap. 2440		23 515	23 615	100
5440	24.1 Driftsinntekter	177 800	181 800	4 000
	24.2 Driftsutgifter	-26 300	-30 100	-3 800
	24.3 Leite- og feltutviklingsutgifter....	-1 800	-1 600	200
	24.4 Avskrivingar.....	-14 900	-14 900	
	24.5 Renter av staten sin kapital.....	-6 700	-7 000	-300
	24 Driftsresultat.....	128 100	128 200	100
	30 Avskrivingar.....	14 900	14 900	
	50 (ny) Overføring frå Staten sitt petroleumsforsikringsfond.....		1 500	1 500
	80 Renter av staten sin kapital.....	6 700	7 000	300
Sum kap. 5440		149 700	151 600	1 900
Kontantstraum frå SDØE:				
	Innbetalingar ²	177 800	183 300	5 500
	Utbetalingar ³	51 615	55 315	3 700
Nettokontantstraum frå SDØE		126 185	127 985	1 800

¹ Gjeldande løying for 2006 er basert på Stortinget sitt løyvingsvedtak av 12. desember 2005 og seinare endringar i 2006 (revidert budsjett), jf. St.prp. nr. 66 og Innst. S. nr. 205 (2005-2006).

² Innbetalingar = driftsinntekter + pro et contra-oppgjer ifm. sal av SDØE-eigardelar + overføring frå Staten sitt petroleumsforsikringsfond

³ Utbetalingar = driftsutgifter + leite- og feltutviklingskostnader + investeringar + overføring til Staten sitt petroleumsforsikringsfond + pro et contra-oppgjer ifm. sal av SDØE-eigardelar.

Desse endringane medfører samla sett at netto kontantstraumen frå SDØE blir auka med 1 800 mill.

kroner i høve til revidert budsjett, frå 126 185 til 127 985 mill. kroner.

Kap. 4800 Olje- og energidepartementet (jf. kap. 1800)

Post 02 Ymse inntekter

Det er teke avgjerd om å avhende dei resterande lagra av oljeberedskapsprodukt i 2007 i staden for 2006. Tidspunkt for salet vert endra av omsyn til å oppnå høgast mogleg pris på dei lagra petroleumsprodukta. På den bakgrunn er inntektsløvinga for 2006 redusert med 1 080 mill. kroner til null. Regjeringa vil komme tilbake til endring av løyvinga for 2007 i revidert budsjett til våren.

Kap. 4810 Oljedirektoratet (jf. kap. 1810)

Post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksemd

Det blir foreslått å auke løyvinga med 20,5 mill. kroner i høve til gjeldande løyving for 2006, jf. omtale og tilsvarande auke under kap. 1810, post 21.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 54,5 mill. kroner.

Kap. 4820 Noregs vassdrags- og energidirektorat (jf. kap. 1820)

Post 01 Gebyr- og avgiftsinntekter

Det blir foreslått å auke løyvinga med 0,3 mill. kroner i høve til gjeldande løyving for 2006, jf. omtale og tilsvarande auke under kap. 1820, post 01.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 30,1 mill. kroner.

Kap. 4860 Statnett SF

Post 70 Garantiprovisjon

Løyvinga blir foreslått redusert med 0,8 mill kroner, frå 5,8 til 5 mill. kroner. Endringa har samband med at Statnett sin lånemasse med statsgaranti er blitt redusert.

3 Bruk av fullmakter under petroleumsvirksemada og SDØE

I samband med den årlege handsaminga av statsbudsjettet gjev Stortinget fullmakter til Kongen i statsråd og Olje- og energidepartementet, jf. St.prp. nr. 1 og Budsjett-innst. S. nr. 9 (2005-2006).

Nedanfor gjer Olje- og energidepartementet greie for bruken av desse fullmaktene.

3.1 Fullmakt IX – St.prp. nr. 1 og Budsjett-innst. S. nr. 9 (2004-2005) og (2005-2006)

Fullmakt for forenkla handsaming frå styresmakten si side har blitt nytta ved tre høve i 2006:

Tordis-feltet (Tordis IOR)

Departementet fekk 21. oktober 2005 søknad om godkjenning av endra plan for utbygging og drift av Tordis-feltet. Utbygginga omfattar auka utvinning frå Tordis-feltet ved å installere eit anlegg for separasjon av vatn frå olje på havbotnen. Gullfaks C-plattforma vil bli nytta til prosessering og eksport av ressursane. Prosjektet inneber og modifikasjoner på Gullfaks C-plattforma. Første fase av produksjonen starta i oktober 2006.

Rettshavarane i Tordis-feltet er Statoil ASA (operatør), Petoro AS, Norsk Hydro Produksjon a.s., ExxonMobil Exploration & Production Norway AS, Idemitsu Petroleum Norway AS, Total E&P Norge AS og RWE Dea Norge AS. Petoro AS er forvaltar av SDØE-porteføljen og rettshavar på vegne av staten. Eigardelen til staten er 30 pst.

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 2,1 mrd. 2005-kroner.

Endra plan for utbygging og drift av Tordis-feltet vart vedteken ved kongeleg resolusjon 16. desember 2005.

Ringhorne Øst

Departementet fekk 13. oktober 2005 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Ringhorne Øst. Utbygginga inneber at fire produksjonsbrønnar som borast frå den eksisterande Ringhorne-innretninga. Dersom det viser seg naudsynt med trykkstøtte, vil det også bli bora to vassinjeksjonsbrønnar inn i Ringhorne Øst-reservoaret frå Ringhorne. Produksjonen føres til Balder-skipet for prosessering. Produksjon frå Ringhorne Øst starta i mars 2006.

Rettshavarane i Ringhorne Øst er ExxonMobil E&P Norway AS (operatør), Norsk Hydro Produksjon a.s., Petoro AS og Statoil ASA. Petoro AS er forvaltar av SDØE-porteføljen og rettshavar på vegne av staten. Eigardelen til staten er 7,8 pst.

De totale investeringane er i plan og utbygging og drift rekna til i overkant av 1 mrd. 2005-kroner. Plan for utbygging og drift for Ringhorne Øst vart vedteken ved kongeleg resolusjon 25. november 2005.

Volund

Staten har ikkje direkte eigardelar i Volund. Departementet fekk 19. september 2005 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Volund. Volund er planlagt som ei undervassutbygging kopla opp mot produksjonsskipet på Alvheim-feltet. Produksjonen er planlagt å ta til i 2009. Rettshavarane i Volund er Marathon Petroleum Noreg AS (operatør) og Lundin Norway AS.

Dei totale investeringane er i plan for utbygning og drift rekna til om lag 2 mrd. 2005-kroner. Plan for utbygging og drift for Volund planleggjas lagt fram ved kongeleg resolusjon i november 2006.

3.2 Fullmakt X – St.prp. nr. 1 og Budsjett-innst. S. nr. 9 (2005-2006)

Fullmakt knytt til overdragning av egedomsrett vart nyttta ved eitt høve i 2006:

Tordis og Gullfaks

Avtalane mellom rettshavarane i Tordis-feltet og

Gullfaks-feltet om overføring av egedomsrett til oppgraderingar på Gullfaks C-plattforma i samband med prosjektet Tordis IOR vart godkjende av departementet 17. mars 2006. Rettshavarane i Tordis-feltet investerer i oppgraderingar på Gullfaks C-plattforma for å leggje til rette for lågtrykksproduksjon og auka utvinning frå Tordis-feltet. Investeringane er i endra plan for utbygging og drift for Tordis-feltet rekna til 233 mill. 2005-kroner. Egedomsretten til oppgraderingane skal overførast til rettshavarane på Gullfaks-feltet. Staten har ein direkte eigardel på 30 pst. i Tordis-feltet og ein eigardel på 30 pst. i Gullfaks-feltet. Investeringa for SDØE er 69,9 mill. 2005-kroner.

Olje- og energidepartementet

til rår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar av løyvingar på statsbudsjettet for 2006 m.m. under Olje- og energidepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar av løyvingar på statsbudsjettet for 2006 m.m. under Olje- og energidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag**til vedtak om endringar av løyvingar på statsbudsjettet 2006
m.m. under Olje- og energidepartementet**

I

I statsbudsjettet for 2006 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1800		Olje- og energidepartementet (jf. kap. 4800)	
	22	Beredskapslagre for drivstoff, kan overførast, blir auka med..... frå kr 18 000 000 til kr 21 500 000	3 500 000
1810		Oljedirektoratet (jf. kap. 4810)	
	21	Spesielle driftsutgifter, kan overførast, blir auka med..... frå kr 67 067 000 til kr 87 567 000	20 500 000
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat (jf. kap. 4820 og 4829)	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	300 000
		frå kr 268 433 000 til kr 268 733 000	
1825		Omlegging av energibruk og energiproduksjon	
	70	Tilskot til elektrisitetssparing i hushaldningar, kan overførast, blir auka med	25 000 000
		frå kr 46 000 000 til kr 71 000 000	
2440		Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (jf. kap. 5440)	
	30	Investeringar, blir auka med..... frå kr 22 300 000 000 til kr 22 400 000 000	100 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4800		Olje- og energidepartementet (jf. kap. 1800)	
	02	Ymse inntekter, blir redusert med.....	1 080 000 000
		frå kr 1 080 000 000 til kr 0	
4810		Oljedirektoratet (jf. kap. 1810)	
	02	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, blir auka med.....	20 500 000
		frå kr 34 000 000 til kr 54 500 000	
4820		Noregs vassdrags- og energidirektorat (jf. kap. 1820)	
	01	Gebyr- og avgiftsinntekter, blir auka med	300 000
		frå kr 29 800 000 til kr 30 100 000	
4860		Statnett SF	
	70	Garantiprovisjon, blir redusert med	800 000
		frå kr 5 800 000 til kr 5 000 000	
5440		Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (jf. kap. 2440)	
	24	Driftsresultat, blir auka med.....	100 000 000
		frå kr 128 100 000 000 til kr 128 200 000 000	
		Spesifikasjon:	
		Driftsinntekter.....	181 800 000 000
		Driftsutgifter.....	-30 100 000 000
		Leite- og feltutviklingsutgifter.....	-1 600 000 000
		Avskrivningar	-14 900 000 000
		Renter av staten sitt kapital.....	-7 000 000 000
			128 200 000 000
50 (ny)		Overføring frå Staten sitt petroleumsforsikringsfond, blir løyvd med.....	1 500 000 000
80		Renter av staten sin kapital, blir auka med.....	300 000 000
		frå kr 6 700 000 000 til kr 7 000 000 000	



Grafisk produksjon: GAN Grafisk AS – Oslo. November 2006